

Årsplan for
skulefritidsordninga (SFO) Lægreid skule
2024/25



« Alle elevane er våre»

Til foreldre/føresette.

Me håpar at me får eit godt samarbeid, og at borna vil trivast her hjå oss. For at borna skal ha det trygt og godt på SFO, er det viktig at me har god dialog. Det er difor fint om de formidlar utfyllande og god informasjon om borna. Personalet har teieplikt etter forvaltingslova §13.

Personale

Svanhild Farestveit	Kari T Hovland	Margrete Medhus	Ronnie Leeninga
Ågot Johannessen	Sakina E Sæther	Tone L Garen	Maryna Sandovska Andrea V Låte

Kontaktinformasjon

SFO mobil	Tlf.: 468 89 981
Svanhild Farestveit leiar SFO	Tlf.: 53 67 36 41
Hilde Anette Bu assisterande rektor	Tlf.: 913 46 788
Anne Underdal rektor	Tlf.: 922 28 448
Sentralbord Lægreid skule	Tlf.: 48 05 27 15

Inne- og uteområde

Me held til i kjellaren ved 1.klasse på Lægreid skule. Her er det kjøkken, toalett, leikeareal og klasserom. Oppo nytta me delerommet med 5.-6. kl der det er tilgang til Lego og i gangen oppo har me dokkehus. Uteområdet ved skulen er stort og innbyr til variert leik og fysisk aktivitet. Me har tilgang til ballbinge, grusbane, grasbane, klatrepark, idrettshall, ulike leikeapparat, husker og sandkasse. I tillegg kan me nytta spesialrom på skulen som til dømes sløyd - og formingssal. Me har mange turmogelegeheter i nærområdet. Kulturskulen held til på samfunnshuset.

Tilbod i SFO

Morgontilbod mellom klokka kl.07:15 - kl.08:30.

Ettermiddagstilboden er frå klokka kl.13:10 – kl.16:30. I tida frå kl.13:20-kl.14:05 er det leksehjelp i dei ulike klassane. 1. og 2. klasse har leksehjelp ein dag i veka, medan 3. og 4. klasse har leksehjelp to dagar i veka. Elevar som har leksehjelp får reduksjon i SFO-pris.

Ferietilbod er frå klokka kl.07:15 – kl.16:30 i skulen sine feriar og fridagar. Dette er bestillingsdagar som de finn i årshjulet vårt, og der finn de også frist for bestilling. SFO har stengt inntil 6 planleggingsdagar i året, sjå skuleruta, og jul- og påskeferie. Alle må ta med niste i ferien då me ikkje har matservering. Borna må vera komne innan kl.09:30 i feriar om ikkje anna er avtalt. Eigen plan vert sendt ut i feriar.

Dagsrytme i SFO

Morgenon:

kl. 07:15- kl.08:20 Rolege aktivitetar. Dei som ynskjer ete frukost må kome seinast innan kl.08:10 og ha med frukost niste. Roleg leik nede ved kjøkken/1.klasse.

Kl. 08:20 - kl.08:30 Rydding og klargjering til 1. time

Ettermiddagen:

Måndag og tysdag er det leksehjelp og for dei byrjar SFO kl.14:05. Elles opnar me kl.13:10. Me startar dagen ofte med ei økt uteleik, og måltid kl.14:05. Etter mat får borna velja mellom aktivitetar ute eller inne, enkelte ettermiddagar kan me nyitta hallen. Me varierer innhald og opplegg månad for månad, sjå årshjul og månadsplan. Borna ryddar før dei byrjar med ny aktivitet, eller går heim. Dersom foreldre/føresette ynskjer å sjå aktivitetane me har i løpet av dagen, er de velkomne innom.

Mål/visjon

Målet i SFO er forankra i Rammeplan for SFO, statlege dokument og forskrift for SFO i Eidfjord kommune. Rammeplanen presiserer og utdjupar verdigrunnlaget for SFO, og skal koma tydeleg fram i årsplan.

Verdigrunnlag.

SFO skal i fyrste rekje vera eit omsorgs- og tilsynstilbod med vekt på fri leik. Dagen skal vera prega av tryggleik, trivsel og toleranse. I den tida borna er på SFO skal dei få moglegheit til å utvikle, utforske og oppdage verda på eige hand. Gjennom leik, fritidsaktivitetar, tilsyn og omsorg skal me vere ein plass for læring, utvikling og allmenndanning. Me ynskjer eit miljø der borna kan utvikle respekt og toleranse for kvarandre, der ulikskap vert akseptert og der alle får utvikle sine evner og anlegg. Det er viktig at borna som gruppe utviklar samhald og føle ansvar for kvarandre, også i SFO. Vår SFO skal leggja vekt på dei gode møta med borna kvar dag, der dei er og for den dei er. Me legg vekt på at borna skal lære seg å nyitta eit akseptabelt språk, vise omsyn og respekt for kvarandre og for vaksne. SFO støtter opp om Zippy og Eple, og har fokus på verdiane til Lægreid skule.

Overgang frå barnehage til skule og SFO.

SFO skal bidra til å skapa ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Det er ein fordel om borna får moglegheit til å bli kjent med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulen byrjar. Me har eit godt samarbeid med barnehagen og dei kjem på besøk til oss ettermiddagar når sommaren nærmar seg, på den måten får me helse på og bli litt kjent. Dei nye 1.klassingane kan byrja i ferie SFO rundt ca. 1.august påmelding innan 1.mai. Me brukar seinsommaren og hausten godt til å bli kjent og har fokus på å skapa gode relasjonar som igjen gjer tryggheit.

Vennskap

Me vil leggje til rette for å stimulere til lystfremjande og lærande aktivitetar, kreativitet og leik. På den måten kan borna ta utgangspunkt i eigne interesser og kan aktivisere seg sjølve gjennom eigen kreativitet og fantasi. Me ynskjer at alle born skal trivast og kjenne på vennskap. Me vil arbeide for gode relasjonar mellom store og små, der borna blir sett og høyrd kvar dag.

Kultur og kulturskulen

Det er viktig at borna vert kjende med eiga lokalhistorie, kulturarv og mangfold slik at dei kan skapa sine eigne utrykk. SFO vil i sitt årshjul leggja til rette for dette. I løpet av året vil borna kunne delta på ulike aktivitetar i regi av kulturskulen som er eit gratis tilbod her i kommunen. Føresette melder borna på i speedadmin, sjå heimesida. SFO vil så langt råd er sjå til at borna går bort til aktivitetane i rett tid. Ved sjukdom, må føresette sjølve gje beskjed til kulturskulen.

Medverknad.

Det er viktig at borna får vere med å påverke eigen kvardag når det gjeld innhald og val av aktivitetar. Me har barnemøte og barnesamtalar. Her skal dei få høve til å kome fram med sine tankar og idear. Me vil gjennomføre barnemøte ca. 5-6 gonger i året med 3.-4.kl og litt mindre med dei yngste. Det som borna har av tankar og idear vil me prøve å ta med i dei opplegga me har i SFO tida, slik at det er synleg for borna at deira meningar og ynskjer vert teke omsyn til. Møteinnkallinga vert hengt opp på oppslagstavla.

Mat og matglede.

SFO skal legge til rette for daglege måltid som gir borna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapsfølelse og gode helsevanar. Dei skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er på SFO. Hos oss har me fast tid til frukost der borna har med eige nista. Ettermiddag varierer me med brødmåltid, knekkebrød og eit lunt måltid på onsdagar. Borna skal delta i mindre grupper og skal bidra med alt frå oppkutting, steiking, røring, følge en oppskrift, dekke på og rydde etter seg . Me vil bidra til at borna gjer seg gode erfaringar på kvar maten kjem frå, at dei lærer seg å lage sunne, enkle mattider og å skape noko saman. 1 og 2. klasse et på kjøkkenet, 3-4. klasse et i 1.klasse rommet. Dette for å få betre plass og gode rutinar rundt måltidene.

Leksehjelp

Lægreid skule tilbyr leksehjelp til born i SFO tida. I år er borna fordelt slik:

1. og 2.klasse tysdagar klokka 13.20-14.05
3. og 4. klasse mandag og tysdag klokka 13.20-14.05

SFO-posten

SFO-posten ei rykande fersk nyheitsoppdatering frå SFO og kjem ut ca 3-4 gonger i året. Her kan de lesa litt frå aktivitetar me har hatt og litt om planar for dei neste månadane. Me legg ved biletar av dei flotte borna i ulike aktivitetar og av dei ulike tema me har arbeidd med får me vist litt av det me gjer. De vil også finna datoar til bestilling av ferie SFO og andre viktige datoar.

Levere / Hente

Me ber foreldre som leverer og hentar born på SFO, om å parkere på parkeringsplassen ved skulen. Oppmodinga kjem grunna mykje trafikk utanfor skulen. Det er også viktig at de passar på at dei tilsette ser at de hentar borna, slik at dette vert registrert og at borna ryddar litt før dei går for dagen.

Dersom borna skal gå heim sjølve, er det beste er eit fast klokkeslett 😊

Me ynskjer faste henteavtalar for dei som går heim sjølve, det er mest oversiktleg for både store og små. Då kan me lettare registrere og gje borna melding ved oppstart av SFO-dagen. Dette kan ein leggje inn som fast merknad i Visma eller send oss ein sms. Me vil unngå meldingar/avtalar der borna kan gå når dei vil. Send oss ein sms eller i Visma, innan kl.13:00, etter denne tida er det full aktivitet her hjå oss. Forutsette ting kan sjølv sagt oppstå, og då er det berre å ringa oss 😊

Sjukdom/anna fråvær

Alle meldingar ynskjer me de legg inn på Visma eller sender på sms på mobil 468 89 981 før kl.13:00. Mellom kl.08:30-kl.13:00, er ikkje telefonen vår bemanna. Me ber om at meldingar som kjem etter kl.13:00 er via SMS eller ring oss, då me ikkje alltid får registrert meldingar som kjem inn på Visma ettermiddagen.

Dersom barn som til vanleg har skuleskyss ikkje skal ta skulebussen ein dag, må SFO få beskjed i god tid. Alle elevar i 1.-4.klasse som har rett på fri skuleskyss kan vere på SFO til skulebussen går.

Om barnet ditt skal fylgja eit anna barn heim, eller gå heim sjølv må SFO få melding om dette frå heimen.

Kle/sko/anna utstyr.

Me må ha klede som passar vær og årstid, for både inne og ute aktivitetar. Det skal vere orden i gangar og hyller, og me oppmodar til å ta alt heim og rydde hylle og gang siste fredag i månaden. Borna har sjølv ansvar for eige tøy, skulesekk og anna. Borna skal ikkje ha med eller bruke mobil eller smartklokke i SFO-tida.

HUGS Å MERKE KLEDE/SKO OG ANNA UTSTYR.

Oversikt over skulefri/feriedagar.

Haustferie veke 41: bestilling SFO innan fredag 13/9-24

Elevfri dag måndag 23/12: bestilling SFO innan fredag 29/11-24

Romjul: SFO stengt

Vinterferie veke 9: bestilling SFO innan fredag 31/1-25

Påske: SFO stengt

Elevfri dag fredag 2/5: bestilling SFO fredag 11/4-25

Elevfri dag fredag 30/5: bestilling SFO fredag 9/5-25

Bestilling sommar SFO: 1.mai

Elevfri dag fredag 20/6: bestilling fredag 30/5-25

Bestilling elevfrie dagar og ferie SFO vert gjort i skjema som vert publisert i Visma-appen.

For spørsmål, ta kontakt: skule@eidfjord.kommune.no

Oversikt over planleggingsdagar.

Måndag 12/8., tysdag 13/8. og onsdag 14/8 SFO/skule stengt

Fredag 15/11 SFO/skule stengt

Fredag 14/3 SFO/skule stengt

Fredag 20/6 PLD for skulen, SFO open påmelding

Årshjul 2024/25

August og september	<p>Bli kjend/relasjonsbygging/drama/rollelek</p> <p>Organisert leik og frileik /aktivitetar i ballbingen Barnemøte med dei eldste borna 3.-4.klasse Bli kjend på skuleområdet, og med rutinar Lære ulike TL – leikar og leike dei Fødselsdagsmarkering siste fredag i månaden, det vert hengt opp lappe om det vert endringar. Faste dagar i hallen 1.-2.kl og 3.-4.kl. Mangfald, kultur og nasjonalitetar. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p>	<p>Planleggingsdagar 12.-14.aug - SFO stengt</p> <p>Bestillingsfrist til haustferie v 41 er fredag 13.september.</p> <p>Fredag 23.august markerer me mangfaldet i SFO.</p>
Oktober og november	<p>Mangfald og matkultur</p> <p>Delta på aktivitetar - basar for TV aksjonen Organisert leik og frileik ballbingen/idrettshallen Ulike kreative aktivitetar Juleførebuingar i andre halvdel av november Barnemøte 3.-4.klasse og 1.-2.klasse Fødselsdagsmarkering siste fredag i månaden, det vert hengt opp lappe om det vert endringar. Faste dagar i hallen 1.-2.kl og 3.-4.kl. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p>	<p>Haustferie v.41</p> <p>Planleggingsdag 15.nov SFO stengt</p>
Desember	<p>Tradisjon og kultur</p> <p>Tema jol Ulike kreative aktivitetar/ lage ei jolegåve Barnemøte med dei eldste borna 3.-4.klasse Fødselsdagsmarkering siste fredag i månaden, det vert hengt opp lappe om det vert endringar. Faste dagar i hallen 1.-2.kl og 3.-4.kl. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p>	<p>Bestillingsfrist fredag 29.nov. for elevfri dag 23.des</p> <p>SFO stengt i romjula.</p>
Januar og februar	<p>Felleskap og individ</p> <p>Onsdag 15.januar markerer me 100 dagar i SFO 😊</p> <p>Organisert leik og frileik i idrettshallen Barnemøte og kosekveld for 3.-4.kl dato og info kjem seinare. Fødselsdagsmarkering siste fredag i månaden, det vert hengt opp lappe om det vert endringar. Faste dagar i hallen 1.-2.kl og 3.-4.kl. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p>	<p>Bestillingsfrist til vinterferie, er fredag 31.januar.</p> <p>Vinterferie v.9</p>

Mars og april	<p>Nærmiljø og kultur</p> <p>Påskeaktivitetar og vår tema Organisert leik og frileik i idrettshallen/ballbingen Ulike kreative aktivitetar</p> <p>Me markerer den store SFO dagen. Info kjem seinare.</p> <p>Besøke kulturinstitusjon i nærmiljøet. Barnemøte med dei eldste borna 3.-4. klasse Fødselsdagsmarkering siste fredag i månaden, det vert hengt opp lappe om det vert endringar. Faste dagar i hallen 1.-2.kl og 3.-4.kl. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p>	<p>Planleggingsdag 14. mars - SFO stengt</p> <p>I påsken er SFO stengt</p>
Mai og juni	<p>Leik i nærområdet/kultur og mangfold</p> <p>Trygg Trafikk -sykkelveke veke 19 og 20. Den store sykkeldagen torsdag 15.mai. Organisert leik og frileik/ballbingen/skogen/fjæra Ulike kreative aktivitetar Barnemøte med dei eldste borna 3.-4. klasse og 1.-2.klasse. Fødselsdagsmarkering, me slår saman feiring for juni og juli borna, siste fredag før sommarferie. Ulike turar til biblioteket og nærområda Bingo ein fredag i månaden, det vert hengt opp informasjon på tavla seinast dagen før.</p> <p>Kosekveld for 3.-4.klasse med avslutning for 4.klasse. Dato kjem seinare.</p>	<p>Bestillingsfrist til sommar SFO: 1.mai</p> <p>Bestillingsfrist fredag 11.april for elevfri dag 2.mai</p> <p>Bestillingsfrist fredag 9.mai for elevfri dag 30.mai.</p> <p>Endring av SFO-tilbod til nytt skuleår: 1.mai</p> <p>Bestillingsfrist elevfri dag fredag 20.juni er fredag 30.mai</p>

Me har stengt jul og påske, samt dei tre siste vekene i juli. For ferieåret 2025 vil SFO ha feriestengt veke: 28, 29 og 30. Bestilling til elevfrie dagar og ferie SFO vert gjort i skjema i Visma-appen. Ta kontakt dersom de har spørsmål: skule@eidfjord.kommune.no

SFO PÅ FRIDAGAR

Plan for aktivitetar i SFO på skulen sine fridagar 2024/25. Borna må ha med niste til frukost og lunsj.

Haustferie v/41 og vinterferie v/9	Tur i nærområda, grilling om fint vær (vêravhengig). Frileik ute og inne med ekstra vekt på kreativitet og forsking. Ulike turar i nærområdet, tema ut frå årstid.
23.desember 2.januar	Me kosar oss og gleder oss til jul. Variert leik inne og ute. Måndag 23 ryddar me og gjer klart til oppstart torsdag 2januar.
Romjula	SFO stengt
Påskken	SFO stengt
Elevfrie dagar 2.mai, 30.mai og 20.juni	Frileik inne og ute, turar i nærområda. Fokus på kreativitet og forsking
Sommar ope v/25, 26, 27 og 31 og 32	Frileik ute og inne med ekstra vekt på kreativitet og forsking Ulike turar i nærområdet, kreativitet og forsking Vasking og rydding i SFO lokala
Feriestengt	Veke 28, 29 og 30

Beredskapsplan

Lægreid skule har utarbeidd beredskapsplan. Planen heng på korktavla på SFO.

Forskrift for SFO

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2024-06-17-1275?q=sfo%20eidfjord>

Årsplanen 2024/25 er utarbeidd i tråd med rammeplan for skulefritidsordninga og i samarbeid med dei tilsette på SFO.

Endringar kan føre kome.

Eid fjord

Hilde Anette Bu - Assisterande rektor Lægreid skule

Svanhild Farestveit – Leiar SFO Lægreid skule